



## Referat frå elevrådsmøte for 5-7, tysdag 16.05.23

**Desse møtte:** Frøya Smådal-Gjertsen (5A), Lisa N. Lending (5A), Netsereab M. Habteyes (5B), Nora T. Leikanger (6A), Kristoffer H. Fitje (6B), Anna Belinda T. Areklett (6B), Emily J. Fauske (7A), Even K. Leikanger (7A), ~~Brage S. Lending (7B), Ariel M. Dāvøy (7B)~~, Hilde S. Strandos (elevrådskontakt).

### SAKSLISTE

#### Sak 1: Brettspel i friminutta (oppfølging av sak)

Sjå innkalling til møtet for utfyllande informasjon om saka.

Etter tilbakemeldingar frå klassane er elevrådet samde om fylgjande:

- Elevrådsstyret skriv eit utkast til søknad til Klubben.no for aktivitetsstipend til ein verdi av 20 000 kr. Når utkastet er skriva, vil det bli sendt ut til klassane for gjennomsyn før ein sender den inn til Klubben.no. Vi skal sørge for å gjere dette innan fristen 11.06.23.
- Til hausten skal nytt elevråd arbeide vidare med saka om brettspel/innefriminutt fredagar i matfri. Sidan dette vil gjelde i tidsrommet frå etter haustferien og fram til påskeferien, vil ein ha tid til å arbeide med dette ved oppstart til hausten.

#### Sak 2: Dusjforheng/dusjveggar i garderobane (orientering / oppfølging av sak)

Elevrådet har førespurt elevråd 8-10 samarbeid i denne saka. Elevrådsstyret arbeider vidare med saka i eit samarbeid med 8-10 og oppdaterer elevråd 5-7 etter kvart som det er ny informasjon i saka.

#### Sak 3: Saker frå klassane

5A:	<b>Ynskjer fleire idrettsdagar/utedagar.</b> <i>Representantane er bedne om å ta dette opp i klassen og saman med lærarane sine.</i>
	<b>Ynskjer tørkeskap i garderoben.</b> <i>Saka blir sett opp ved eit seinare høve.</i>
5B:	<b>Ynskjer å vere inne i friminutta.</b> <i>Denne saka ser vi i samanheng med at vi til hausten skal arbeide med innefriminutt på fredagar (brettspel-saka).</i>
	<b>Ynskjer å kunne betale med kort i kantina.</b> <i>Hilde sjekkar dette ut med Mali/ALF om det er mogleg å få til. Det vil i så fall bli gjeldande frå hausten, sidan det ikkje er fleire kantine-torsdagar att denne våren.</i>
6A:	<b>Ynskjer å ha vannkokar slik at ein kan varme varm drikke eller anna lunsj ein har med seg.</b> <i>Saka blir sett opp ved eit seinare høve. Her vil det vere behov for å gjere grundige vurderingar og gjennomføre ei runde med argument for/mot.</i>
	<b>Ynskje om fleire ballar (stikkball, volleyball).</b> <i>Elevrådet drøfta ein del kring korleis ståa er med ballar vi allereie har kjøpt inn – varierande i kva grad dei er blitt tekne vare på. Dette må sjekkast ordentleg ut og takast ei runde på. Viktig at vi tek vare på det vi får!</i>



<b>6B:</b>	<b>Ynskjer å ha vannkokar slik at ein kan varme varm drikke eller anna lunsj ein har med seg.</b> <i>Sjå svar under same sak hjå 6A.</i>
<b>7A:</b>	<b>Ynskjer å bruke utesko inne.</b> <i>Vi hadde ei runde i elevrådet på kvifor vi brukar innesko inne (reinhald m.m). Elevrådet peikar også på at mange av lærarane brukar utesko inne, og meiner at dei må få ei påminning då om at dei også skal bruke innesko. Hilde tek dette opp med dei på hovudsteg.</i>
<b>7B:</b>	<b>Ynskjer å vere inne i klasserommet på fredagar.</b> <i>Denne saka ser vi i samanheng med at vi til hausten skal arbeide med innefriminutt på fredagar (brettspel-saka).</i>
	<b>Ynskjer at dørene skal festast betre. Elevar hengslar dei av.</b> <i>Vi drøfta i elevrådet at det er lite vi får gjort med dørene. Det må derimot vere ei klar melding til elevar at dørene må få henge i fred! Det handlar om respekt for skulen sine eigedelar (ordensreglement).</i>

Beste helsing

Nora Taule Leikanger  
Referent

Emily Jensen Fauske  
Elevrådsleiar 5-7

Hilde Sognnæs Strandos  
Elevrådskontakt 5-7